

## **Forslag til forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar – Skjåk kommune**

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre 20.12.2016 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9, jf. delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706.

### § 1. *Formål*

Formålet med denne forskrifta er å hindre forureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

### § 2. *Virkeområde*

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar i heile Skjåk kommune

### § 3. *Definisjonar*

Uttrykk i forskrifta har denne tydinga:

1. Open brenning: all brenning som skjer utandørs
2. *Småomnar*: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Miljødirektoratet eller fylkesmannen eller er godkjent brukt etter statlege forskrifter etter forureiningslova.
3. *Tettbygd strok*: Som tettbygd strok vert rekna dei regulerte områda i Bismo, Aurmo og Uppnose som vist i vedlegg

### § 4. *Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar*

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode om ikkje anna følgjer av forskrifta § 5.

### § 5. *Unnatak frå forbodet*

Følgjande brenning skal likevel vere tillate når det ikkje er brannfare eller fare/ulempe for folk som bur eller ferdast i området:

- a) Open brenning på grillar for matlaging, utepeisar og kaffibål.  
I tidsrommet 15. april til 15. september er det forbode å gjera opp eld i eller i nærleiken av skogsmark og annan utmark utan løyve frå kommunen. Det er likevel tillatt å gjera opp eld der det åpenbart ikkje kan medføre brann (forskrift om brannforebygging)
- b) Brenning av avfallstrevirke i vedomn, med unnatak av impregnert og malt og overflatebehandla trevirke.
- c) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbyggt strok i tidsrommet 15. september til 15. april  
St. Hansbål og Olsokbål utanfor tettbyggt strok, under føresetnad at det vert brukt reint og tørt trevirke og det er åpenbart ikkje kan medføre brann (forskrift om brannforebygging)  
Ranke- og flatebrenning i skogbruket utanfor tettbygd strok i tidsrommet 15. september til 15. april og det er åpenbart ikkje kan medføre brann (forskrift om brannforebygging)

Halmbrenning og kvistbrenning i jordbruket utanfor tettbygd strok i tidsrommet 15. september til 15. april og det er åpenbart ikkje kan medføre brann (forskrift om brannforebygging)

- d) Brannøvingar i regi av Lom og Skjåk brannvesen, inkludert fullskala øvingar med nedbrenning av bygning etter retningsliner frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (HR 9/95)
- e) Brenning av tjæremiler i tidsrommet 15. september til 15. april og det er åpenbart ikkje kan medføre brann (forskrift om brannforebygging)  
Slik brenning skal ikkje skje i nærleiken bustader, fritidshus m.v.  
Nye tjæremiler skal vera søknadspliktige til kommunen

Kommunen v/rådmannen kan fjerne unntaka eller deler av desse i perioder med dårleg luftkvalitet

#### § 6. *Dispensasjon*

Mynde etter denne forskrifta er delegert til rådmannen.

Rådmannen eller den han vidaredelegerer til, kan etter søknad i særlege høve dispensera frå forbodet i § 4.

#### § 7. *Tilsyn*

Kommunen fører tilsyn med at reglane i denne forskrifta vert halde.

#### § 8. *Klage*

Vedtak som administrasjonen gjer etter denne forskrifta kan påklagast til kommunal klagenemd.

#### § 9. *Straff*

Brot på denne forskrifta kan medføre straffeansvar jf. forureiningslova § 78.

#### § 10. *Iverksetjing*

Denne forskrifta trer i kraft frå kunngjering i Norsk Lovtidend


## Vedlegg



Avgrensing Bismo



Avgrensing Aurmo



Avgrensing Uppnose

